



Arkiv nr:

Sak nr 33/21

Møtedato: 28.09.21

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## Høyringsuttale til KULA

Fjellstyret er tilskrive som høyringspart i arbeid med å fastsetje «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse»

Formålet med KULA-registeret er oppgjeve til følgjande:

*KULA-registeret omfattar landskap av nasjonal kulturhistorisk interesse. Det er eit sentralt kunnskapsgrunnlag og skal signalisere tidleg og tydeleg kva landskap det må takast særlege omsyn til i areal- og sektorplanlegging. Slik vil kulturmiljøforvaltninga vere meir føreseieleg for kommunane og sektorane i deira arealplanlegging og forvaltning av landskap. Målet er å medverke til ei god forvaltning av landskap generelt og desse nasjonalt viktige landskapa spesielt.*

Vedlagt info ark gjer utvida info om Kula, med følgjande utdrag

*KULA-registeret er ikkje ein verneplan og landskapa vert ikkje freda eller verna ved at dei vert med. KULA er eit signal om at det er viktig å ta omsyn til verdiane, og skal vere eit kunnskapsgrunnlag som kommunane og andre etatar kan bruke i arealplanlegginga si. Det er viktig at landskapa framleis er i bruk og at jorda og skogen vert driven vidare. Framhald i drift kan i mange høve vere avgjerande for å ta vare på landskapsverdiane. Ein KULA-status skal ikkje stoppe utviklinga, men bidra til ei god utvikling som varetek verdiane.*

Stølsvidda inngår i dette føreslegne registeret, så det er i praksis nær sagt heile allmenninga, men unntak av satsingsområde for turistutbygging på Vaset.

### Vestre Slidre kommune handsama si uttale i sak KS-56/21

Oppsummert skriv kommune-administrasjonen følgjande i si vurdering:

*Kommunedirektøren er etter ei total vurdering i tvil om det er positivt for kommunen å bli ein del av KULA registeret. Dersom KULA registeret fører til at det blir vanskelegare for landbruket å gjere nødvendige tiltak i samband med drift vil det vere negativt.*

*Det er naturleg at kommunestyret tek utgangspunkt i utalen frå styringsgruppa for UKL Stølsvidda og tek deira vurdering med inn i høyringsvaret.*

*Saka blir difor i påvente av vurderinga til styringsgruppa for UKL Stølsvidda lagt fram utan forslag til vedtak men med to ulike alternativ til vedtak.*

*Alt 1. Kommunestyret viser til høyringsuttalen frå Styringsgruppa for Stølsvidda. Kommunestyret ynsker ikkje at Stølsvidda i Vestre Slidre blir ein del at KULA registeret og finn at dagens forvaltning av området er tilstrekkeleg.*

*Alt 2. Kommunestyret viser til høyringsuttalen frå Styringsgruppa for Stølsvidda. Kommunestyret er positive til at Stølsvidda blir ein del at KULA registeret og har ikkje andre merknader til høyringa*

Det vart lagt fram nye forslag ved behandling av saka i kommunen, og følgjande vedtak vart fatta som uttale frå Vestre Slidre kommune:

*Vestre Slidre kommune viser til*

*· høyringsdokumentet for gjeldande område*

*· presisering i e-post frå Riksantikvaren v/ samfunnsavdelinga, seniorrådgiver Ragnhild Hoel den 03.09.21: «... Som dere kjenner til, og som vi skriver om i høyringsbrevet, er Stølsvidda allerede med i satsingen og tilskuddsordninga Utvalgte kulturlandskap i jordbruket/UKL (samme avgrensing som KULA). Riksantikvaren, Landbruksdirektoratet og Miljødirektoratet leder arbeidet med UKL sentralt. Forslaget om at Stølsvidda også blir med i Riksantikvarens KULAregeret innebærer først og fremst bare en bekreftelse av de kulturhistoriske verdiene i området, og vil ikke innebære noen formelle endringer i kulturminneforvaltningens oppfølging av området. Helt sentralt for ivaretagelse av verdiene for oss er videreføring av stølsdrift og bruk av området. KULA er ikke en verneplan, men et kunnskapsgrunnlag for arealplanlegging. Som vi skriver i høyringsbrevet: vi signaliserer ikke at landskapsendringer er uønsket, men at kommuner og andre har et bevisst forhold til kvaliteter i landskapet i planlegging og forvaltning. Vi er ellers spesielt glade for de KULA-områdene som sammenfaller med UKL, for her finnes det tilgang til tilskuddsmidler til drift, skjøtsel og vedlikehold.»*

*Stølsvidda er, som vi kjenner til, eit unikt område av sitt slag i nord-europeisk samanheng, som vi er stolte over og gjerne brukar i marknadsføringssamanheng. Stølsvidda-prosjektet og UKL er gode eksempel på at også storsamfunnet verdset den kulturhistoriske verdien som stølsdrifta har hatt, og dei viser vilje til å støtte framover med omsyn til jordbruksmessig Side 9 av 9 utvikling. Det vart, av riksantikvarens folk i teamsmøte den 9.09.21, lagt vekt på at Stølsvidda i KULAregeret ville styrke dette forholdet og gje positivt signal mellom anna ved tildeling av økonomiske støtteordningar til tiltak i området. Stølsdrifta har vore i kontinuerleg utvikling og ein les at» videreføring av stølsdrift og bruk av området er helt sentralt» også om Stølsvidda blir del av KULA-registeret. Eg ser på tilbodet om å bli del av KULA-registeret som ei nasjonal stadfesting av verdien av stølsområdet vårt. Det er svært viktig at stølsdrifta får halde fram og utviklast i takt*

med tida og utviklinga i landbruket, med nødvendige tilpassingar for den spesielle driftsforma. «Allmennhetens tilgang» til Stølsvidda, som del av KULA-registeret, vil framleis vera den same med omsyn til friluftsliv, jakt og fiske. Dette vedtaket vart fatta med knapt flertall.

Høyringsuttale frå UKL ligg vedlagt saka, men konklusjonen deira er følgjande:

*Styrings gruppa i Stølsvidda ser ikkje behov for å ha eit nytt register frå Riskantikvaren (KULA) Me kan ikkje sjå att KULA reg vil medføre særlige endringer i praksis.*

*Det er veldig viktig att det ikkje blir vanskeleg for landbruket å gjøre nødvendige tiltak for aktiv drift og att det blir ein tungrodd saksgang .*

### **Vurdering:**

Fjellstyret skal følgje fjelloven og stølsforskriften ved vurdering av byggjesaker i allmemninga når det gjeld landbruksbygg for bruksberettiga.

Alle slike saker skal uansett sendast regionale kulturminnestyresmakter på høyring, så den ordninga finst allereie i dag. Fjellstyre-administrasjonen finn at det er god dialog med fylkeskommunen om denne praksisen.

Det som kan vere viktig å fremheva i denne samanheng, er at fjellstyret skal vurdere tiltak ut i frå «tida og tilhøve», jfr Fjelloven § 2:

Rett til allmeningsbruk ligg til bygd eller grend som frå gamal tid har hatt slik rett. Retten skal kunne nyttast på ein måte som til kvar tid er i samsvar med rasjonell bruk, og som er naturleg etter **tida og tilhøva**.

Det kan komme ein del verknader av både den kommunale arealplanen samt sterk påverknad frå Riksantikvar som følgje av at Vestre Slidre statsallmenning (som inngår i UKL) vil kunne inngå i KULA. Det er vist til vegleiar som syner til følgjande:

*Dersom det foreslås endret arealbruk innanfor et KULA-område som i vesentlig grad er i konflikt med de landskapsverdier som søkes bevart, skal regional kulturminneforvaltning vurdere å fremme innsigelse til planen, hvis ikke de og kommunen kommer til enighet*

Det er gjennom dialog komme spørsmål om KULA vil ha ein direkte innverknad på storleik på bygg for stølar m.a. Det er sagt frå Riksantikvaren at KULA skal sjå på landskapet i «fugleperspektiv», og ikkje gå inn på detaljar. Det som midlertidig kan gå inn på detaljar er kommuneplanens arealdel, og dei føresegn eller retningsliner som vert fastsett gjennom denne prosessen, og som vegleiar syner har kulturminnestyresmaktene grunnlag for motsegn dersom dei finn etter deira skjønnt at utviklinga «ikkje ivaretek verdiane»

Eit konkret eksempel på bruk av ulikt skjønnt, er den byggeskikkrettleiaren som vart sendt kommunane til handsaming som skulle vere utgangspunkt for alle byggesaker – felles for Valdres. Der vart det sagt at i stølslandskap skulle man ivareta den gamle byggeskikken, og eit sæl burde vere langsmalt slik det historisk vart ført opp, og det kom ei tilråding om at det ikkje skulle vere breiare enn 4 meter. Denne byggeskikkrettleiaren var laga av Valdres natur- og kulturpark med samarbeid frå Oppland fylkeskommune - kulturvern. Dette vart ikkje godkjent i nokon kommunar, og heile teksten om stølslandskap vart omarbeidd i ettertid.

Ut i frå «tida og tilhøve», skal fjellstyret vere klar over slike potensielle innskrenkingar, samtidig som ein skal ivareta det stølspreget som vi har i dag så langt dette let seg gjera.

Same vegleiar seier følgjande om dispensasjon etter PBL:

*...hensynet til KULA-områder kan også være aktuelt å ivareta i saker som gjelder dispensasjon fra plan og søknader etter plan- og bygningsloven*

Ved sakshandsaming etter PBL er det vanligvis slik at dersom regional sektormyndigheit går imot dispensasjon, ligg det vanlegvis ikkje grunnlag for kommunen til å kunne fatte vedtak om disp.

Oppsummert om negative verknader av m.a. KULA, er det slik at dette kan til ein viss grad innskrenke den råderett ein har over landbruksbebyggelsen gjennom fjellova, med grunnlag i sterkare myndigheit til regional sektormyndigheit.

Når det gjeld positive moment, vil ein til ein viss grad kunne få støtte frå overordna myndigheit dersom kommunen planlegg større tiltak i allmenninga som fjellstyret ikkje er einig i. Eit døme på dette kan vere «hotell på Jaslangen», dette var ein sak om større utbygging nær eit stølslag som var oppe til handsaming i kommunen tidleg 2000-talet – men som det uansett ikkje vart positivt vedtak om i kommunestyret.

Dersom kommunestyret hadde hatt ei positiv innstilling til dette, kunne dette blitt stoppa av regional kulturminneforvaltning, då dette er eit tiltak som i vesentleg grad kunne ha endra dei landskapverdier som ynskjes bevart.

Andre positive moment er at det kan vere ei «fjær i hatten» å komme inn på lista over landskap av nasjonalhistorisk interesse. Det viser jo at fjellstyret med fleire har gjort ein god jobb med å forvalte landskapet.

I utgangspunktet er det oppgjeve at ein KULA status ikkje skal stoppe utviklinga, men bidra til ei god utvikling som ivaretek verdiane. Dersom dette vert opplevd slik i etterkant, vil jo dette vere eit positiv tiltak, som kanskje og kunne ha auka næringsgrunnlaget knytt til stølsturisme som vi så smått begynner å få etablering på innanfor allmenninga. Dette kunne styrkje næringsgrunnlaget til dei stølane som ynskjer å ta del i dette.

### **Oppsummering:**

Det er både gode og potensielt negative verknader av å definerast som KULA. Det er heller ikkje sikkert dette er så lett å påverke, då dette uansett berre er ei uttale til det registeret som staten uansett er i ferd med å utarbeide.

Oppsummert på den negative sida viser ein til uttale frå UKL, som slutfører at det ikkje må bli meir vanskeleg for landbruket å gjere naudsynte tiltak for aktiv drift, og at det ikkje skal bli ein meir tungrodd saksgang.

Oppsummert på den positive sida gjer dette ein positiv omtale av stølsvidda som eit landskapa av nasjonal kulturhistorisk interesse, og regional kulturminnestyresmakt får endå større rolle i å ivareta landskapsverdiane dersom det kjem ytterligåande tiltak som fjellstyret ikkje rår over i eigen sakshandsaming.

Administrasjonen legg fram 2 forslag til vedtak, i tråd med det kommunen valde for sin sakshandsaming (kombinasjon av framlegg til vedtak og utdrag frå faktisk vedtak):

### **Alt 1.**

Fjellstyret viser til høyringsuttalen frå styringsgruppa for Stølsvidda, og ynsker ikkje at Stølsvidda i Vestre Slidre blir ein del av KULA registeret og finn at dagens forvaltning av området er tilstrekkeleg. Det er svært viktig at stølsdrifta får halde fram og utviklast i takt med tida og tilhøve i landbruket, med nødvendige tilpassingar for den spesielle driftsforma.

### **Alt 2:**

Fjellstyret ser positivt på tilbodet om å bli del av KULA-registeret som ei nasjonal stadfesting av verdien av stølsområdet vårt. Det er svært viktig at stølsdrifta får halde fram og utviklast i takt med tida og utviklinga i landbruket, med nødvendige tilpassingar for den spesielle driftsforma.

### **Forslag til vedtak**

Saka vart lagt fram utan forslag til vedtak

### **Vedtak**

Fjellstyret viser til høyringsuttalen frå styringsgruppa for Stølsvidda, og ynsker ikkje at Stølsvidda i Vestre Slidre blir ein del av KULA registeret og finn at dagens forvaltning av området er tilstrekkeleg. Det er svært viktig at stølsdrifta får halde fram og utviklast i takt med tida og tilhøve i landbruket, med nødvendige tilpassingar for den spesielle driftsforma.

Vedtaket vart fatta med 3 stemmer for, 1 mot.  
1 representant var fråverande.

*Dette vedtaket kan ikkje påklagast, då det er ei høyringsuttale og ikkje «en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter)» - jfr Forvaltningslova.*

Vestre Slidre fjellstyre den 29.09.21

Kenneth Monsen  
sekretær

Utskrift:  
Riksantikvaren  
Vestre Slidre kommune